

Utdanningsforbundet

- oppbygging av organisasjonen
- profesjonsbevissthet
- fagforeiningsbevissthet

OU 407 Ungseminar

Molde 13. – 14.03.2024



Fakta om Utdanningsforbundet

- Utdanningsforbundet er landets største fagorganisasjon i utdanningssektoren med nesten 190 000 medlemmer
- Vi har medlemmer frå barnehage og grunnskule til vidaregåande opplæring, høgskule, universitet og vaksenopplæring.
- Vi er landets nest største fagforeining.
- Vi er medlem av hovudsamanslutninga UNIO.
- Utdanningsforbundet er ein partipolitisk uavhengig profesjonsorganisasjon for pedagogisk personale innan alle utdanningsområde
- Utdanningsforbundet skal ivareta medlemmene sine interesser i spørsmål om løns -og arbeidsvilkår, og i profesjons- og utdanningspolitiske spørsmål.
- Utdanningsforbundet skal jobbe for at born, unge og vaksne får eit kvalitativt godt opplæringstilbod, og for at utdanning skal ha ei sentral rolle i samfunnet.

Hovudstruktur i Utdanningsforbundet



Sentralt nivå

- Landsmøte
- Sentralstyre - leiar

Fylkesnivå

- Fylkesårsmøte
- Fylkesstyre - fylkesleiar

Kommunenivå

- Årsmøte i lokallaget
- Lokallagsstyre - lokallagsleiar
- Hovudtillitsvald – HTV - etter Hovudavtalen

Arbeidsplassnivå

- Klubb – vel tillitsvald og evt. klubbstyre
- Klubbstyre – skal vere leia av den tillitsvalde
- Arbeidsplassstillitsvald – ATV - etter Hovudavtalen

Sentralt nivå

- Landsmøte kvart 4. år (sist i nov. 2023)
- Sentralstyret
- Leiar: Geir Røsvoll
- Nestleiarar:
 - 1.nestleiar: Ann Mari Milo Lorentsen
 - 2.nestleiar: Thom Jambak
- 10 styremedlemmer



Fylkesnivået

- Fylkesårs møte kvart 4.år (sist i 2023)
- Fylkesstyret
- Fylkesleiar: Ina Enoksen
- 13 i fylkesstyret



Lokallagsnivået (kommunenivå)

- Utdanningsforbundet har lokallag i alle kommunar
- Lokallagsårsmøte (kvart år)
- **Lokallagsstyre og lokallagsleiar**
- I Møre og Romsdal har vi 27 lokallag

Arbeidsplassnivået - Klubben

- Utdanningsforbundet sine medlemmer på ein arbeidsplass utgjer **klubben**
- I alle klubbar med minst 10 medlemmer, skal det veljast eit klubbstyre som vert leia av den tillitsvalde.
- **Klubleiar og arbeidsplassstillitsvald (ATV)**
- Den tillitsvalde skal ivareta medlemmene sine interesser overfor arbeidsgjevar sin representant (styrar/rektor) på arbeidsplassen
- Alle medlemmer i klubben har rett til å delta på klubbmøte.
- Val i klubben skal haldast kvart år innan 15.mai. Val gjeld normalt for to år frå 1.august

5 medlemsgrupper

Barnehage

Grunnskule

Vidaregåande skule

Fagleg og administrativt støttesystem (FAS)

Universitet og høgskule (UH)

Fylkesstyret

- Fylkesleder: Ina Margrethe Enoksen (G)
- Nestleder: Orlaug Bjørdal Kårstad (G)
- Styremedlem: Nils Erling Skarseth (G)
- Styremedlem: Sirikit Vågen (G)
- Styremedlem: Gro Johanne Eriksen Haugen (G)
- Styremedlem: Marit Helen Lillestøl (G/L)
- Styremedlem: Monica Lunde Ludvigsen (B)
- Styremedlem: Linn Kjøl Oldervik (B)
- Styremedlem: Silje Rønhovde Sandvik (B)
- Styremedlem: Andreas Outzen (VGO/FAG)
- Styremedlem: Tore Tomren (VGO/FAG)
- Styremedlem: Xenia Haceaturean-Aas (FAS)
- Styremedlem: Bente Torkildsen Michli (UH)
- Representant fra pensjonstrådet i fylkeslaget: Anne Marie Bergset (Vara Mette Spange)



Organisering av oppgåvene i fylkesstyret

- Kontaktperson for kvar medlemsgruppe
- Organisasjonsutval (kurs/opplæring)
- Utdanningspolitisk utval (UPU)
- Utval for arbeidsmiljø (UFA)
- Personalnemnd
- Utval for fylkeskommunalt tilsette (FKT)
- Leirarråd
- Tilsette

Styringsdokumenta til Utdanningsforbundet

Utdanningsforbundet er både:

ein profesjonsorganisasjon

og

ei fagforeining



Profesjonsorganisasjon og profesjonsbevissthet

Frå Vedtektene:

Utdanningsforbundet skal arbeide for at born, unge og vaksne får eit kvalitativt godt og etisk forsvarleg opplæringstilbod, og for at utdanning skal ha ei sentral rolle i samfunnet.

Kva tyder det?

- Vi bryr oss om kva opplæringstilbod born og unge får i skule og barnehage
- Vi skal vere ei viktig stemme i spørsmål som gjeld profesjonsfaglege saker, t.d. innhald i Opplæringslova, Barnehagelova, rammeplan for barnehage, læreplanar for grunnskule/vidaregåande opplæring, rammeplanar for lærarutdanningane, osb....
- Det er vi som kjenner lærarprofesjonen innanfrå og som dermed kan vere med på å påverke i utdanningspolitiske spørsmål gjennom vår samla fagkunnskap

«Ein sluttar ikkje å bry seg om faget sitt om ein er organisert eller vert tillitsvald!»

Fagforeining og fagforeiningsbevisstheit

Frå Vedtektene:

- Utdanningsforbundet skal ivareta medlemmene sine interesser når det gjeld løns-, pensjons- og arbeidsvilkår, og når det gjeld profesjonsfaglege og utdanningspolitiske spørsmål.
- Treng vi fagforeiningane i dagens arbeidsliv??
- Har «fagrørsla/fagbevegelsen» gått ut på dato?
- Kvifor vere medlem av ei fagforeining?
- Kan fagforeininga gjere noko for oss?
- Kan fagforeininga gjere noko for deg?



Den norske arbeidslivsmodellen

- Kort historisk perspektiv
- Medbestemmelse i arbeidslivet
- Felles «spelereglar»; hovudavtalar, tariffavtalar og Arbeidsmiljølova
- Ulike verkemiddel ved konflikt
- Eit balansert maktforhold
- Vi må stå saman i solidaritet både som fagforeining og som profesjonsorganisasjon!



Når treng VI fagforeininga:

- T.d. når vi må slåst for eit rettferdig lønssystem
- T.d. når det skal innførast nye arbeidstidsordningar
- T.d. når det er snakk om endringar i lovverk som regulerer arbeidslivet
- T.d. når nye lover og nytt planverk for barnehage og skule skal utarbeidast
- Då treng vi tryggleiken i eit fellesskap av andre «i same båt», nokon som kjempar på vegne av oss alle

Når treng DU fagforeininga?

Til dømes:

- Når du skal søke på ei stilling
- Når du opplever konflikter på jobb
- Når det er fare for ei oppseiing
- Når du er usikker på om du har fått rett løn
- Når du treng juridisk hjelp i samband med jobb

Då treng du nokon som kan «ta saka for deg»

Saman er vi sterkare enn når vi står åleine

- Å stå saman, å «flyge» i same retning og skape eit fellesskap gjer at vi kan kome lenger, raskare og lettare til målet, enn om vi «flyg» åleine.
- Den einskilde skal sleppe å «stå med hua i handa» eller måtte vere «sin egen lykkes smed» og håpe på det beste.
- Samhald og solidaritet er viktig for å skape eit godt arbeidsliv for seg sjølv og andre



Fagforeiningsbevisstheit - kva er det?

- Solidaritet, fellesskap
- Kollektiv tenking → kollektive avtalar
- Lojalitet til framforhandla avtalar
- Individuelt ansvar og plikt
- Gjennom mange år har fagrørsla jobba fram gode ordningar/lover/avtalar som regulerer arbeidslivet, men vi kan ikkje ta for gitt at desse skal halde fram av seg sjølv.
- Vi treng framleis nokon som passar på – det gjer fagforeininga!



Takk for meg og lykke til med to fine dagar på
Ungseminar! 😊